



Kvalitetsplan for SFO

2022-2025



Innhald

Rammer og organisering	2
<i>Planverk.....</i>	2
<i>Leiging.....</i>	2
<i>Samarbeid</i>	3
<i>Planleggingsdagar</i>	3
<i>Kurskveldar og temakveldar.....</i>	3
Verdiar	4
Innhald og mål	4
<i>Leik.....</i>	4
<i>Kultur.....</i>	5
<i>Fysisk aktivitet og bevegelsesglede.....</i>	5
<i>Mat og måltidsglede.....</i>	6
Handlingsplan.....	6
Vedtekter for skulefritidsordning i Hå kommune frå 01.08.2022	7

Rammer og organisering

Planverk

Vår *Kvalitetsplanen for SFO 2022-2025*, bygger på nasjonal rammeplan for SFO. SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gje barna omsorg og tilsyn. Dette følger av opplæringsloven § 13-7.

Kommunen har ansvar for at SFO drives etter gjeldande regelverk. Den nasjonale planen gjev rom for lokale variasjonar, satsingar og planer. Kvalitetsplanen vår er ein lokal rammeplan og laga for å gje retning og felles kvalitet for SFOane i Hå kommune.

Den nasjonale rammeplanen kan lesast på:

<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

Leiging

Rektor på kvar skule er øvste leiar for SFO, men kvar SFO har ein SFO-leiar som tek seg av dagleg drift. Denne skal og vere pådrivar av kvalitetssikring og utviklingsarbeid ved dei ulike SFO-ane.

Dei ulike SFO-ane i Hå kommune er ulike i storleik og har ulik organisering. Likevel ønskjer me å løfte i lag. Gjennom felles mål kan me ha felles kompetanseheving og erfaringsdeling mellom dei ulike SFO-ane. Denne rammeplanen legg til rette for at det skal skje.

Samarbeid

Det er behov for samarbeid mellom SFO-ane på ulike nivå for å sikre at ein arbeider i lag mot felles mål. SFO-leiarane vil ha faste møtepunkt med 6 møter i løpet av skuleåret. Det går på rundgang kva for ein SFO som kaller inn og har ansvaret for gjennomføring av møtet. Rektor ved vertsskulen er oppfordra til å delta når deira skule held møtet.

Møtene skal ha fokus på felles mål, kompetanseheving, erfaringsdeling og planlegging av diverse samarbeid mellom dei vaksne på tvers av SFO-ane. Dette kan vere i form av felles planleggingsdagar, kurskveldar eller temasamlingar.

Planleggingsdagar

Me legg til rette for å nytte ein heil eller halv planleggingsdag til profesjonsutvikling direkte retta mot SFO og felles mål for SFO-ane i Hå kommune. Dette gir høve til å invitere foredragshaldar eller nytte ulik kompetanse ein allerede har i kommunen til å bidra inn mot profesjonsutviklinga. Erfaringsutveksling og fellesskapskjensle er viktig for å få alle med på arbeid mot felles mål.

Kurskveldar og temakveldar

Me vil arrangere kurskveldar eller temakveldar som ein del av felles kompetanse- og kvalitetsutvikling. På kurskveldane samlar ein SFO-personalet på tvers av SFO-ane, på same måte som barnehagar har personalmøter på ettermiddag/kveldstid.

Der kan me arbeide vidare med det som blir tatt opp på planleggingsdagane for å sikre at ein arbeidar mot felles mål. Me kan og ha ein fellesdel før ein kan dele seg opp i dei ulike SFO-ane.

Det kan og organiserast som temakveldar. Då som ein delingsarena der kvar SFO stiller med eit mini-kurs som dei andre kan melde seg på. Forslag til mini-kurs kan vere matlaging ute, kunst og handverk-oppgåver, andre gode praktiske idear som kan vere fint å dele med andre.

Verdiar

Den nasjonale rammeplanen har seks verdiar som me og skal bygge våre SFO-ar på.

Desse er:

- Barndom har sin egenverdi
- Tryggleik, omsorg og trivsel
- Mangfald og inkludering
- Skaparglede, engasjement og utforskartrong
- Demokrati og felleskap
- Bærekraftig utvikling

Sentralt er forståinga av at SFO er bornas fritid. Medbestemmelse skal alltid kome fram i dei aktivitetane som er i SFO og korleis dagane blir organisert. Aktivitetane skal vere frivillige og det skal vere rom for kvile. Det skal også vere rom for frileik og uteleik i tillegg til organiserte aktivitetar og turer.

Det er ønskeleg at kvar SFO jamleg drøftar ein eller fleira av verdiane i møter og i planlegging. Verdiane kan og vere tema og kommunale samlingar. Verdiane vil hjelpe oss å gjere gode val, vere gode vaksne for borna, og strekke oss mot høg kvalitet på tenesta vår.

Innhald og mål

SFO skal legge til rette for god samhandling mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke. SFO kan tilby tilrettelagte aktiviteter som støtter opp under skulen sitt innhald, men tilnærminga skal vere annleis. Det legges stor vekt på sjølvvalgt leik og anna barnestyrt aktivitet.

Leik

Frå rammeplanen:

SFO skal tilrettelegge for og støtte opp om, at leken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.

SFO skal legge til rette for og inspirere til et godt lekemiljø for alle barn. SFO skal legge til rette for at barn med behov for særskilt tilrettelegging blir inkludert i lek og tilrettelagt aktivitet.

I SFO-ane i Hå kommune har me lenge hatt fokus på leiken, både frileik og organisert leik. Det er viktig med ein god balanse mellom frileik og organisert leik. Borna har ulike behov og nokon er meir avhengig av den organiserte leiken enn andre. Leiken skal vere lystbetont og medbestemming står sterkt i dette høve. Dei vaksne er der for å hjelpe borna inn i leiken og for å sikre at alle har det godt i samspillet med dei andre. Den vaksne skal ikkje nødvendigvis styre leiken, men la leiken utfalde seg naturleg så lenge borna opplever leiken som god. Leik

kan vere eit godt satsingsområde då det finnes mykje god forskning på dette området som ein kan løfte opp for å gi alle dei vaksne i SFO betre kompetanse om leik og om borna si utvikling i leik.

Mål: Alle dei vaksne i SFO har god kunnskap om leikens betydning og korleis ein legg til rette for god leik.

Kultur

Frå rammeplanen:

SFO skal legge til rette for at barna får delta i forskjellige kunstneriske og kulturelle aktiviteter, slik som musikk, dans, drama og annen skapende virksomhet.

SFO skal bidra til at barna møter samisk kultur.

I SFO-ane i Hå kommune legg me til rette for utforskande og kreative aktivitetar som til dømes kunst og handverk-aktivitetar, musikalske aktivitetar som dans og disco og høgtlesing av bøker med meir.

Me søkjer aktivt plasser i nærmiljøet, til dømes biblioteka og Jærmuseet, eller andre stader som ein kan nytte til kulturelle aktivitetar i SFO.

Me har fokus på samisk kultur i forkant av samedagen. Me har også born får ulike kulturar i SFO-ane og dette skal me løfte fram. Me kan for eksempel ha internasjonal veke kvart år der me har fokus på born frå ulike kulturer.

Mål: Alle dei vaksne skal ha eit bevisst forhold til at kultur har ein viktig plass i SFO.

Fysisk aktivitet og bevegelsesglede

Frå rammeplanen:

SFO skal være en arena for daglig fysisk aktivitet som kan fremme barnas bevegelsesglede og motoriske utvikling.

SFO bør leggje til rette for at barna kan vere utandørs ein del av tida dei er i SFO kvar dag.

SFO kan vurdere korleis område i lokalmiljøet, til dømes skogholt, andre naturområde eller aktivitetsanlegg, kan brukast i leik, utforskning og fysisk aktivitet.

I SFO-ane i Hå kommune kan borna vere ute kvar dag. Ute kan det vere frileik, organisert leik eller tur til ulike plasser i nærmiljøet. Me har gjerne tur dagar der me også lager og spiser mat ute. Ein aktivitet kan vere gym i gymsalen med musikk og frileik, eventuelt styrt leik.

Mål: Leggje til rette for at alle borna kan vere fysisk aktive i løpet av ein dag på SFO

Mat og måltidsglede

Frå rammeplanen:

SFO skal legge til rette for daglige måltider som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapsfølelse og gode helsevaner

Me har faste måltider - på lange dagar har me lunsj ca klokka 11 og mellommåltid ca klokka 14. Nokre dagar har me varmmat. Borna kan få vere med å lage mat. I SFO-ane i Hå kommune sitter dei vaksne ned og spiser med borna - dette bidrar til måltidsglede. Maten skal vere sunn og god, men me skal også kunne kose oss i blant. Matjungelen er eit tilbod frå udir med mykje godt opplegg og oppskrifter som me kan nytte.

Mål: Me utforsker matjungelen i lag.

Handlingsplan

Kva	Innhald	Omfang
Nettverksamling for SFO-leiarar	<ul style="list-style-type: none">• Arbeid med felles mål i lokal rammeplan• Planlegging av kurskvelder eller temakvelder• Erfaringsdeling og fagleg påfyll• Evaluering mål, handlingsplan og satsingsområder i loksal rammeplan	6 gonger i året, 3 gonger per halvår
Planleggingsdagar	Halve planleggingsdagar der ein arbeider med felles mål og utviklingsarbeid. SFO-vedtektene seier at det er to dagar til planlegging i SFO.	Rektorane koordinerer plandagar i lag med SFO-leiarane
Kurskvelder eller temakvelder for SFO-tilsette	Felles utviklingsarbeid gjennom å samle alle tilsette til kurs eller erfaringsdeling på tvers av SFOane	1 til 2 kurskvelder per år
Møter på kvar SFO	Kvar SFO organiserer faste møter for dei tilsette som arbeider på SFO	2-4 gonger per månad

Vedtekter for skulefritidsordning i Hå kommune frå 01.08.2022

Utval for opplæring og kultur har med heimel i opplæringslova § 13-7, vedteke ny kommunal forskrift om vedtekter i skulefritidsordninga i Hå, gjeldande frå 01.01.2022. Den nye forskrifta erstattar vedtektene frå 01.01.2021.

I Hå kommune sitt delegasjonsreglement er å *fastsetje vedtekter for skulefritidsordninga (SFO)*, jf. *opplæringslova § 13-7*, delegert til Utval for opplæring og kultur.

§1 Eigarforhold

- Hå kommune eig og driv skulefritidsordninga.

§2 Opptaksmyndigheit

- Hå kommune har delegert til rektor å gjera vedtak om opptak i SFO, jf. opplæringslova § 13-7.

§3 Opptakskriterium

- Tilbodet blir gitt til elevar i 1.-4. klasse.
- For elevar med særskilte behov i 5.-7. klasse kan ein søkje om gratis plass i SFO. Dette tilbodet må de søkje om på ny kvart år. Betaling for kost kjem i tillegg.
- Alle som søker om plass i SFO innan 1. mars, er sikra plass.
- Søklarar etter fristen kan påvente ventetid i tilfelle SFO treng å auke bemanning.

§4 Opptaksperiode og oppseiing av plassen i SFO

- Hå kommune gjev tilbod om SFO i 11 månader med stengt i juni.
- Det kan veljast eit tilbod som består av morgonar og ettermiddagar på til saman 12, 15, 18 eller 21 timar.
- Innvilga søknad om plass i SFO, gjeld ut 4. klasse, eller til dei føresette skriftleg seier opp plassen.
- Oppseiing av plassen i SFO eller endring i val av tilbod, må skje seinast to månadar før endring/ sluttdato gjeldande frå den 1. i månaden.
- Ved oppseiing av plassen etter 1. april må det betalast for plassen ut skuleåret.

§5 Foreldrebetaling

- Betalinga for tilbodet om SFO og kost blir fordelt på 11 månader. Tilbodet inkluderer ferie og fridagar, samt heile juni og august. Rett til SFO i feriar, gjeld dei dagane dei til vanleg har eit tilbod ettermiddagstilbod om SFO.
- Ved overgang frå barnehage til SFO i midten august, betalar ein for ein halv mnd. i august.
- Det er lik timesats uavhengig av storleik på tilbodet (minimum 5).
- Det er søskenmoderasjon i SFO. For det yngste barnet i SFO betales det full pris.
- Betalingsatsane blir fastsett i eiga sak ved budsjetthandsaminga kvar haust.
- Barnet kan miste tilbod om SFO plass ved manglande foreldrebetaling.

§6 Leike- og opphaldsareal

- SFO skal ha ute- og inneareal som er eigna til dette og blir gitt i sambruk med skulane og eventuelt barnehagane.
- Kommunal rammeplan og plan for den enkelte SFO beskriv bruken av inne- og uteareal, inkludert nærområdet.

§7 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

- Dagleg opningstid er til vanleg frå 07:00 til 16:00.
- Administrasjonen ved kvar skule kan vedta lokale tilpassingar av opningstida.
- På ferie- og fridagar kan tilbodet på fleire skular kan samordnast til ein skule.
- Det blir ikkje gjeve tilbod om SFO i juli.
- Det er lagt opp til to planleggingsdagar i SFO i løpet av skuleåret. SFO er då stengt.

§8 Bemanning og leing

- Norma for bemanning i SFO er 1 vaksen per 12 born i første klasse og 1 vaksen per 15 born i 2.- 4. klasse.
- Bemanninga blir justert etter tilhøve som alder, gruppesamansetjing, funksjonsnivå og born med særskilde behov.
- Kvar SFO har eigen SFO-leiar med ansvar for innhald og organisering. Rektor ved skulen er øvste leiar for SFO.